

Vegliste fylkes- og kommunale vegar – rettleiing og forklaringar.

Veglistene er ein del av Forskrift om bruk av køyretøy av 25. januar 1990, (jfr. § 5-2 pkt. 2 a og b) i forskrifta). Heimel for forskrifta er i vegtrafikklova av 18. juni 1965 nr 4 § 13 og Samferdsledepartementet sitt vedtak av 24. november 1980 om delegering av mynde etter lova. Statens vegvesen gir ut ei vegliste for kvart fylke med opplysningar om kva for bruksklasse, køyretøylengde og -bredde som er tillate på fylkes- og kommunale vegar.

Vilkår for bruk av køyretøy i vegtrafikklova er at den lengde, bredde og aksellast som er tillate på vegen ikkje skal overskridast. Statens vegvesen er forvaltar av reglane i vegtrafikklova både når det gjeld sakshandsaming av søknadar om dispensasjonar og kontroll av reglane om vekt og dimensjon.

Veglistene skal gi opplysningar til vegbrukar om kva for bruksklasse (aksellast og totalvekt) og køyretøystorleik som er tillate på vegen. Brukskontrollen til Statens vegvesen brukar listene i arbeidet sitt og kontrollerer og på den delen av det kommunale vegnettet som står i veglista.

På vegar som ikkje står i veglista, kan ein fritt nytte kapasiteten til køyretøyet når det gjeld aksellast, totalvekt og vogntoglengde.

Oppskrivning av vegar

Vegvesenet arbeider med forsterkning og oppskrivning av bruksklasse på riks- og fylkesvegnettet med sikte på å få ned transportkostnadane for industri, jord- og skogbruk. Verksemdar som ligg ved kommunale vegar, får ikkje nytte godt av denne utviklinga utan at også kommunane skriv opp vegane i høgare bruksklasse. Vi ber om at kommunane ser på samsvaret mellom riks-/fylkesvegar og dei kommunale vegane som står i veglistene i dag. Dersom bruksklasse og vogntoglengde skal skrivast opp, er det ofte naudsynt med bru og vegforsterking. Det kan og verta naudsynt og byggje møte- og snuplassar.

Bruksklassar

Ein bruksklasse er eit sett av aksellast med totalvekta som er tillate. Bruksklassane i veglista er Bk 10-50 evt.10-42 (sjeldan), Bk T8-50, Bk T8-40, Bk 8-32 og Bk 6-28. Det er ikkje lågare bruksklassar enn Bk 6. Dersom kommunen meiner det ut frå dårleg bæreevne er naudsynt med lågare klassifisering av kommunalt vegnett, så må dei sjølv setje opp skilt med gjeldande aksellast.

Totalvekt 50 tonn på 8 tonns vegar (Bk T8/50)

På vegar utan bruer eller der bruene har bruksklasse Bk10, kan tillate totalvekt setjast til 50 tonn. Det same gjeld for vegar med korte bruer. Auka totalvekt får ikkje følgjer for tillate aksellast, som er 8 tonn enten tillate totalvekt er 40 eller 50 tonn.

Vi gjer merksam på at vegar i Bk T8 med vinteraksellast 10 tonn, automatisk har 50 tonn totalvekt, sjå punktet vinteraksellast.

Vogntoglengde

Tillate vogntoglengde i Noreg er 12,40 m, 15,00 m og 19,50 m (sjå vedlegg 1 pkt. 4 a, b og c).

NB! Det er ikkje tillate å skilte redusert vogntoglengde berre for å hindre køyring med lastebil/vogntog. Dersom det skal være eit slikt forbod, må de skilte dette på anna måte.

Vegar der det ikkje er mogleg og køyre med køyretøy på 12,40 m, må skiltast ut frå dette. Dei må også stå i veglista. Dette vil gjelde svært få vegar og skal difor berre skje unntaksvis.

Vogntoglengde 24 meter og 60 tonn totalvekt

Regjeringa er oppteken av å betre rammevilkåra for skognæringa. Vogntoglengda for tømmertransport vart difor auka frå 22 m til 24 m i juli 2013.

Dette er spesielt interessant der det går store mengder skogvirke via kommunalt vegnett inn på anna offentleg vegnett som er opna for Bk10 og 24 meter lange tømmervogntog eller direkte til lokalt sagbruk. Disse vegane er merka med 24 m i veglista.

Samferdsledepartementet har vedteke at totalvekta for tømmertransport kan aukast frå 56 til 60 tonn på vegar i Bk10-50. Transport av tømmer startar vanlegvis på fylkesvegar og kommunale vegar, før transporten held fram på riksvegar. Vi ber difor om at dei aktuelle kommunane legg til rette for at totalvekta kan aukast på dei delane av vegnettet som tåler auken. Den avgrensande faktoren vil vere lange bruer som ikkje tåler den auka vekta. Tillate aksellast skal ikkje aukast.

Vinteraksellast

Kommunen kan innføre vinteraksellast midt på vinteren når frosten går djupt nok. Dette for å få opp aksellasta til Bk10 for tømmertransportar, men og for å få avvikla anna tungtransport når vegane er frosne og har god bæreevne. Statens vegvesen kunngjer tidspunkt for innføring og oppheving av vinteraksellast og geografisk utstrekning.

Aksellast i teleløysinga

Etter forslag frå Regjeringa vedtok Statens vegvesen i desember 1994 å oppheve restriksjonane i teleløysinga på aksellast for riks- og fylkesvegar. Restriksjonar vil berre bli nytta der det er vesentleg skade på vegstrekningar som kan føre til redusert framkomst.

Fleire kommunar vel å nytte restriksjonar i periodar med teleløysing. Det er ikkje lenger ei eiga kolonne i veglista for aksellastrestriksjonar i teleløysinga. Lovheimelen for denne kolonnen vart oppheva 27. juni 1997. Dette betyr at dei kommunane som vel å bruke restriksjonar, sjølv må kunngjere dette i pressa og ved skilting av vegen eller området. Kommunane skal rapportere innføring og oppheving av restriksjonar til Vegtrafikksentralen i regionen på tlf. 175.

Dei enkelte kommunane må sjølve avgjere bruken av telerestriksjonar. Det er viktig å merke seg at restriksjonar kan medføre sterke avgrensingar for verksemder som driv eller treng ulike typar transport. Vi ber difor om at restriksjonar berre vert innført der det er naudsynt – ikkje som generelle vedtak på ”alle” dei kommunale vegane.

Spesifisering og gruppering av kommunale vegar ("Sekkepost")

For å fange opp alle kommunale vegar, nyttar vi sekkeposten "andre kommunale vegar" med ein bruksklasse for vegar som ikkje er lista opp spesielt i kommunalveglista. Sekkeposten gjer og arbeidet enklare, då vi berre spesifiserer dei vegane som fell utanfor sekkeposten.

Veggruppe (spesialtransport)

Vegnettet er delt inn i veggruppene A, B og IKKJE, avhengig av konstruksjonen og bæreevne til bruer på og tilstanden på vegen. I hovudsak er A-bruene to-spora og B-bruene ein-spora. Veggruppe B tillèt lågare vekt enn veggruppe A. Som ein-spora bruer reknar vi bruer med mindre breidde enn 5,60 m (unntaksvis 5,50 m) frå føringskant til føringskant (ev. rekkverk).

Veggruppe IKKJE er vegar der ein treng dispensasjon for kvar enkelt transport (av ikkje delbar last). Dispensasjon utan avgrensing i tid gjeld ikkje.

Bruer med spennvidde 5 m og kortare vert plassert i veggruppe A.

Denne ordninga gjeld berre for transport av store, ikkje delbare laster, som vert køyrd i samsvar med dispensasjon frå Statens vegvesen.

Dispensasjonar

Vi kan ikkje gi dispensasjon for transport av last som let seg dele. Døme på slik transport er person- (buss), mjølk-, kraftfor-, tømmer og massetransport. Vi kan berre gi dispensasjon for transport av eit kolli som ikkje er delbart, slik som for eksempel ei maskin. Det er difor viktig at kommunen tenkjer gjennom kva for transport som skal gå på vegen før kommunen fastset vekt og dimensjon for vegen. For eksempel treng ein 16,50 m lang tanksemitrailer til mjølketransport tillate vogntoglengde på 19,50 m.